

En draum for dei fleste – men oppnåeleg for nokre få. Ein 40 eller 50 fots lystbåt. En yacht stor som eit middels norsk sommarhus. Som bevegar seg framover i meir enn 30 knops fart. Luksus og komfort, men også praktisk ned til minste detalj. Produsert på Evja i Florø.



Draum på 50 fot

Luksusbåtar som perler på ei snor i Florø



SunQuest Motor Yachts Norway AS vart etablert for eit knapt år sidan. No står tre flotte lystbåtskrog på rekkje og rad i produksjonshallen. Den første vert sett på sjøen om nokre få veker.

– Vi reknar båtmessa i Bergen i februar som vår offisielle lansering, seier styreformann i SunQuest Motor Yachts AS, Olav Steimler. Då er byggenummer 1 i Norge ferdig. Det har vore ein læreprosess, og vi er særst stolte av dei tilsette som har klart å få fram ein så praktfull båt. Målet er at vi skal kunne levere mellom 5 og 10 båtar i året når alt er innkøyr. Det vil ta tid, men SunQuest er ikkje masseproduksjon. Det er høgkvalitet i alle endar. – Vi kallar det ikkje luksus – vi kallar det kvalitet, seier Steimler. SunQuest planlegg no utviding av aksjekapital og meir permanente produksjonslokale.

Eitt steg om gangen

– Selskapet skal vere nyskapande og leiande innan bygging av lystbåtar i storleikar frå 40 til 60 fot, seier Ove Stavø, som er ein av gründerane i SunQuest Motor Yachts Norway AS. Ove Stavø har fram til no også fungert som dag-

leg leiar. – I første omgang satsar vi på nasjonal basis. Vi tek eitt steg om gangen – og veljer ein forsiktig profil der vi ønskjer å lære undervegs. På lengre sikt satsar SunQuest internasjonalt. Det er i dag få, eller ingen, båtprodusentar i Norge som byggjer lystbåtar i storleikar over 40 fot. Marknaden er i utvikling og ønskjer større og større båtar.

Legendarisk designer

SunQuest-båtane er designa av den legendariske John Bennett. Han har designa ei rekkje Princess og Fairline-modellar. Desse vert rekna som noko av det ypparste som finst i marknaden. SunQuest i Florø eig i dag formene til 40 og 50 fot luksusbåtar, og har høve til å leigestøype i andre former av same serie. Skroga vert støypt i England.

Alt anna arbeid skjer i Florø. Båtane vert innreia av fagfolk frå Vestnes Innredning, som har lang erfaring og leverer arbeid av høg klasse.

– Før var det høve til å kjøpe båtane som halvfabrikata. Det er det slutt på. Vi skal ha kontroll over alle detaljar og innestå for kvaliteten i alle ledd, seier Olav

Steimler. Målet er å byggje fire båtar i 2005.

3 til 6 millionar

Båtmarknaden i Norge går mot større og meir kostbare båtar. SunQuest vil konkurrere med Princess, Fairline og til dømes Windy, og vil prismessig ligge på mellom 3 og 6 mill. kroner, avhengig av storleik og utrusting.

Båtane som vert bygd i Florø har ei omfattande utrusting. Byg-

genummer ein har vore ei utfordring i design og innreieing. Det har vore mykje prøving og feiling for selskapet og dei tilsette vart nøgde. – Klart det har vore ein stor og utfordrande jobb for dei tilsatte, seier Olav Steimler. Vi var mektig stolte rett før jul då en særst erfaren engelsk båtbyggjar var på inspeksjon. Han skraut uhemma. Det varma og gleda – og vi er trygge på at kundane skal bli nøgde.

Design

– Vi har planer for ytterlegare utvikling av båtane, sier Steimler. Han vil ikkje røpe detaljar, men seier at han ønskjer å involvere designmiljø og Innovasjon Norge i Sogn og Fjordane i prosjektet. Vi har eit samarbeid med Rovde Møbelfabrikk, og ser for oss eit skreddarsydd interiør for norske behov.

Vi veit at båtar som skal brukast på Vestlandet må vere praktiske og tole mykje ver og tæring. Skroga er særst gode sjøskrog. I innreieing, detaljar og materialval tek vi omsyn til at SunQuest skal tåle mykje juling, uver og røff bruk, avsluttar Steimler

Tekst og foto: Anita Øygard



– Vi opererer i ein uhyre kresen båtmarknad og er avhengig av topp kvalitet i alle ledd av produksjonen og når det gjelder oppfølging av kundane, sier Olav Steimler som er styreformann i SunQuest Motor Yachts Norway AS.

Fra tank og juice til luksusyacht

Vestnes Innredning starta omstillinga straks Kleven i Florø varsla at det kunne bli vanskeleg med nye oppdrag. I mange år har Vestnes vore leverandør av innreieingar på skip, og Kleven har vore ein viktig oppdragsgjever og samarbeidspartner.

– Kan ein innreie eit hyperavansert og moderne tankskip – så kan vi vel innreie luksusyachter også, tenkte Vestnes Innredning. Og det har dei klart. Utfordringane har vore mange, seier dagleg leiar Jonny Bjørnset. – Skilnaden har nok vore større enn vi kanskje trudde. Og det er mykje nytt som må løysast.

Men no står første båten nærast ferdig. Vi har fått gode tilbakemeldingar frå kunden og frå erfarne båtbyggjarar. Luksus-

båtar toler ingen lettvinne innreieingsløyser. Vi har etablert eit dyktig team, med god erfaring, som står ansvarleg for SunQuest-båtane, seier Bjørnset.

Det er et særst krevande trearbeid. Ekstrem finish og høgglans er eit krav. Kostbart materiell vert brukt i lugarar og i salongar, og pantryet er eit kapittel for seg sjølv. Trearbeidet på dørkane inne og ute er eit krevjande puslespel. Innreieinga reint teknisk er også særst avansert. Ein moderne lystbåt på 50 fot er eit komplisert fartøy.





Den 50 fot store SunQuest er flaggskipet til selskapet som no produserer lukusbåtar på rekkje og rad i Florø. Båtane er designa av den legendariske John Bennett og vert rekna blant det ypparste som finst på markednaden. Målet er å produsere fire båtar i 2005.

Historikk

SunQuest-båtane vart opprinnelig bygd av Colvic Craft som i si tid var ein av Europa sine største båtprodusentar.

Båtane vart tidlegare selde som halvfabrikatar, såkalla «motor-away».

Båtane har godt ry for sine sjøeigenskapar. Som ei følge av dei mange halvfabrikatar som finst på marknaden, var det stor variasjon på kvaliteten av innreiinga.

Derfor ønskjer ikkje SunQuest Motor Yachts Norway AS å selje halvfabrikat-båtar. Selskapet vil gjere mykje for å etablere høg kvalitet.

SunQuest-båtane er derfor eit kjent merke og på midten av 90-talet laga John Bennett ein ny og meir moderne design på båtane.

Kort tid etter gjekk Colvic Craft konkurs. Tidlegare salssjef og produksjonssjef i Colvic Craft klarte etter fleire år å sikre seg rettigheita til alle formene.

SunQuest Motor Yachts Norway vart stifta sommaren 2004 og kjøpte 40 og 50 fot-formene, og har høve til å leige ei 44 og 60 fot form.

Aksjonærene i SMYN finansierer bygging av prototypar. Tre båtar er under bygging, den første vil vere ferdig no i februar.

Kompetanse

Aksjonærene i selskapet som satsar på lystbåtproduksjon i Flora representerer ein betydeleg kompetanse innan båtar og båtbygging.

Vestnes Innredning (25%) har lang erfaring i innreiing av større skip. De har ein stab av fagfolk med lang erfaring der fleire også har erfaring frå yachtbygging.

Florø Skyssebåtservice (25%) driv i dag to skyssebåtar i Flora og har bestilt den tredje som skal byggjast i karbonfiber.

Kevin Durkin (25%) har tidlegare eigd ein Sunquest 44 som han fikk innreia av eit firma i England. Han har stor kjennskap til båtane og marknaden i England.

Reidar Wiggen (12,5%) er til dagleg flykaptein, hans tidlegare båt var en Fairline 40. Han har lang båterfaring og særskild god kjennskap til båtmarknaden i Norge.

Ove Stavø (12,5%) har erfaring frå utviklingsarbeid og er med på å utforme dei tekniske løysingane.

Olav Steimler (Styreformann) har lang marknadserfaring og var med frå starten i TV 2. Han er dagleg leiar for Sunnfjord 2020. Han har eit stort kontaktnett og er ein stor ressurs innan sal og marknadføring.

Tre i SunQuest-hallen

Ingebjørn Sørdal monterer deksel på eit luftinntak

– Om tre veker skal alt vere klart her, så det vert som vanleg litt travelt i innspurten – men det skal gå bra, fortel ein stolt båtbyggjar, medan han drillar seg hol gjennom plasten.

– Det må vere nokon med mykje pengar som kjøper desse båtane, seier Sørdal utan å røpe noko meir.



Kjell Korneliussen monterer brennstoffslange til hjelpemotoren, og klatrar opp og ned mellom motorrom og cabin.

– Det er trangt om saligheita her, og det er mykje som skal ha plass. Det blir flotte båtar, så eg håpar vi klarer å gjere jobben til ein rimeleg nok pris – ja rimeleg blir det no ikkje uansett, humrar Korneliussen



Jon Atle Fjellestad står i eit lite plastavlukke og kler finérplater med eggeskal-farga Alcatore-skinns frå Italia.

– Dette skinnnet toler alt, du kan berre vaske av skiten – du kan til og med pusse det med sandpapir om det vert for gale. Fjellestad smiler nøgd medan han med stø hand dunndrar i veg på det italienske skinnnet med stiftepistolen. – Vi er heldige som får jobbe her – det er som natt og dag i forhold til tidlegare jobbar.

